



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Teknisk utval	

Sakshandsamar:	Teknisk, miljø og landbruk	Håvard Tveit
Avgjerslemynde:	Arkivnr.: 20/180	Klassering:

Søknad om konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 6 Solheim

Masfjorden kommune gjev med heimel i konsesjonslova § 1 ikkje konsesjon til Ragnhild Solheim for overtaking av gbnr 44/1 og 6 på Solheim.

Heimel: Konsesjonslova § 1

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ragnhild Solheim søker om konsesjon for overtaking av heimegarden gbnr 44/1 og 6 på Solheim.

Fakta

Gbnr 44/1 har slike arealressursar:

Arealfordeling		Arealfordeling på teignivå							
Matrikkelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebygd, samf., vann, bre	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
4634-44/1 Areal i dekar									
4634-44/1	6	20,8	2,4	0,0	7,3	10,8	0,3	0,0	41,6
4634-44/6	2	0,0	0,0	3,5	0,0	4,7	0,6	0,0	8,8
Sum	8	20,8	2,4	3,5	7,3	15,5	0,9	0,0	50,4

I tillegg kjem eit stort utmarksområde med uavklarte grenser mellom bnr 1 og 2. Dette arealet utgjer mykje over 1000 daa produktiv skog. Nær slekt som overtek landbrukseigedomar med over 500 daa produktiv skog, får eit lovbestemt krav om å bu på eigedomen innan eitt år etter overtaking. Ragnhild Solheim ynskjer ikkje å busetje seg på eigedomen på noverande tidspunkt, og må difor søkje om konsesjon. Eigedomen har eit godt våningshus, og innmarka vert utleigd til ein bonde med sauehald. Familien har hogd litt skog årleg i mange år, og ynskjer på få gjennomført eit jordskifte mellom bnr 1 og 2 for å gjere det lettare å få gjennomført hogst.

Vurdering

Konsesjonslova har slikt føremål:

§ 1. (lovens formål)

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftssinteresser.
5. hensynet til bosettingen.

Masfjorden kommune ynskjer busetjing over heile kommune, så bustadomsynet gjer seg gjeldande for Solheim. Innmarksressursane vert i vare tatt gjennom bortleige av innmark, og det har vore noko utnytting av skogen. Administrasjonen finn busetjingsomsynet som det avgjerande i vurderinga av om konsesjon skal gjevast. I utgangspunktet har Masfjorden kommune som praksis å setje vilkår om buplikt ved konsesjonssøknader med brukande bustadhus. Ved nokre høve har ein gjeve ein tidsfrist på 5 år for busetjing, men dette er ikkje eit rimeleg vilkår å setje for denne søknaden sidan søkjar oppgjev at busetjing på Solheim først kan vere aktuelt på eit seinare tidspunkt. Det har også vore gjeve konsesjon til nær slekt utan vilkår om buplikt i tilfelle der det har vore naudsynt med vesentleg rehabilitering for å få huset til akseptabel standard som heilårsbustad.

Konklusjon

Bustadomsynet er ei viktig vurdering for Masfjorden kommune ved handsaming av konsesjonssaker. Administrasjonen tilrår difor at ein ikkje gjev konsesjon utan buplikt i saker med brukande bustadhus i attraktive buområde. Søknaden til Ragnhild Solheim bør såleis ikkje innvilgast.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom etter konsesjonslova - gbnr 44/1 og 44/6	73810	05.03.2020
---	-------	------------